

Termin/år	Komm.nr/namn
-----------	--------------

1. Søkjar

Søkjars namn		Gate/veg	
Postnummer	Poststad	Telefon dagtid	
Kontonummer	E-postadresse	Målform: Nynorsk <input type="checkbox"/> Bokmål <input type="checkbox"/>	

2. Husstanden

Fødselsnummer (11 siffer)	Etternamn	Fornamn	For kommunen:	
Søkjar			Husst.kode	Disp.kode
Ektef./samb./reg.partner				
Andre husst.medlemmer				
Avtener nokon i husstanden verneplikt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Deltar minst ein av studentane i arbeidskvalifisering? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Er det student(ar) i husstanden? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Bur studentan(e) heime hos foreldre? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		

3. Inntekt

Som hovudregel er det sist tilgjengelege likningsinntekt som blir lagt til grunn ved utrekninga av bustønaden, og dette innhentast Husbanken informasjon om automatisk frå likningsregisteret. **Viss du eller ein i husstanden din har hatt auka inntekt sidan likningsåret grunna overgang til arbeid, trygd eller ved formueauke, kan det vere at du skal gi opplysningar til kommunen om dette, sjå rettleiinga punkt 3.**

Annan stønad, pensjon eller inntekt

I tabellen under, fyll ut namn på stønad/pensjon som **ikkje** blir utbetalt frå NAV, sjå rettleiinga. Viss nokon i husstanden har inntekt/formue frå utlandet som ikkje blir skatta i Noreg, skal dette beløpet også fyllast ut. **Sjå rettleiinga punkt 3.**

Fødselsnummer	Utanlandsinntekt/-formue (kr per år)	Namn på pensjon/stønad

Inntektsnedgang

Viss du eller ein i husstanden din har hatt **inntektsnedgang** sidan likningsåret, kan du søkje om å få lagt den faktiske inntektssituasjonen til grunn, svar i så fall på spørsmåla under, og fyll ut **brutto inntekt** i tabellen.

Har husstanden hatt vesentleg inntektsnedgang sidan siste likning pga. overgang til trygd?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Har husstanden hatt vesentleg inntektsnedgang sidan siste likning av andre årsaker?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei

Fyll ut skjemaet under dersom du har svart Ja på minst eitt av dei to spørsmåla under. **(Inntekt og formue må dokumenterast, sjå rettleiinga punkt 3.)**

Fødselsnummer	Privat pensjon (kr per md.)	Lønn (kr per md.)	Bidrag (kr per md.)	Andre innt. (kr per md.)	Formue (kr per år)

Hvis «Ja» på spørsmålet om inntektsnedgangen skuldast andre årsaker enn overgang til trygd, kva er årsak og varigheit?

4. Bustad

Er bustaden spesialtilpassa for funksjonshemma person i husstanden? (må ev. dokumenterast)	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Er bustaden ein godkjend heilårsbustad med eigen inngang, bad/toalett og med kvile- og kjøkkenfunksjon?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Er kostnader for oppvarming inkludert i husleiga/felleskostnaden?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Har du skattefrie inntekter frå utleige av bustad?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Dersom leigd bustad, er det ein kommunalt disponert bustad?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei

Dersom burettslag, kva er burettslagets namn og føretaksnr? Namn: Føretaksnr:

Kryss av for aktuell bustadtype, og fyll ut bustadopplysningar i samme kolonne nedover, bortsett frå i dei avkryssa felta.

Bustadopplysninger	Sjøveigd bustad (einebustad) <input type="checkbox"/>	Sjøveigd bustad i sameige <input type="checkbox"/>	Bustad i burettslag <input type="checkbox"/>	Leigd bustad <input type="checkbox"/>	Aksje-/obl.leil. <input type="checkbox"/>
Bustadnummer					
Kvadratmeter					
Gardsnummer			X		
Bruksnummer					
Festenummer					
Seksjonsnummer	X				
Eigedomsskatt (kr per år)					
Festeavgift (kr per år)					
Talet på rom (stuer/soverom)					
Felleskostnad/husleige (må dokumenterast)	X				
Skattefri utleige i eigen bustad (kr pr. md.)					
Innflytta år					
Kjøpe-/byggjesum (kr)				X	

5. Bustadlån (Lån frå andre långjevarar må dokumenterast, sjå rettleiinga punkt 5.)

Husbanklån (gjeld ikkje Startlån)	Saksnr. (9 siffer)	Saksnr. (9 siffer)			
Innovasjon Norge	Saksnr. (8 eller 10 siffer)	Saksnr. (8 eller 10 siffer)			
Andre långjevarar (namn)	Opprinneleg Lånesum kr	Utbetalt md. og år	Løpetid år	Sum renter og avdrag (kr pr md.)	Gebyr (kr. pr md)

6. Underskrift

Underteiknande søkjar stadfestar at ovanstående opplysningar er riktige, og gjev med dette Husbanken/kommunen fullmakt til å innhente opplysningar om meg/oss som er nødvendige for å behandle søknaden om statleg bustønad.

Underskrift		Vedlegg
Dato	Underskrift	Vedlegg merkast «statleg bustønad» og søkjars namn og fødselsnummer. Talet på vedlegg:

For kommunen

Skal bustønaden transporterast til kommunen?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Er lån/husleige dokumentert?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
Er søknaden motteken innan søknadsfristen?	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Boligkode for leigd bustad?	<input type="text"/>	

Rettleiing for utfylling av bustønadsøknaden

Generell informasjon

Søknad om bustønad skal sendast til kommunens bustønadkontor. Hugs å legge ved den dokumentasjonen som er nødvendig: Eventuelle bustadlån må dokumenterast med aktuell nedbetalingsplan e.l., husleige/felleskostnad må dokumenterast med leigekontrakt e.l. Det er elles opplysningar om husstanden og bustaden første dag i den aktuelle månaden du søker for som skal leggest til grunn når du fyller ut søknaden. Dersom husstanden flyttar, eller det skjer andre endringar i husstands- eller bustadsituasjonen, må du gje beskjed om dette til kommunen.

1. Søkjar

Fyll ut fullt namn og adresse på den som søker bustønad. Fyll også ut telefonnummer du kan nåast på dagtid, og e-postadresse dersom du har det. Det er viktig å påføre bankkontonummer (11 siffer) for ein sikker og rask utbetalingsmåte. Hugs å seie frå til kommunen dersom bankkontonummeret ditt blir endra.

2. Husstanden

Fyll ut 11-sifra fødselsnummer og namn på alle medlemmer i husstanden. Som husstandsmedlemmer reknast alle som fysisk bur i bustaden, og i tillegg personar som er folkeregistrert som busett på adressa. Dersom det ikkje er plass til alle husstandsmedlemmene på skjemaet, kan du føre opp andre husstandsmedlemmer på nytt skjema og legge ved. Fyll i så fall ut søkjars 11-sifra fødselsnummer på det nye skjemaet.

Du skal svare på spørsmåla under husstandstabellen på førstesida. Svar på alle spørsmåla med enten Ja eller Nei. Kryss av for «Ja» dersom nokon i husstanden avtener verneplikt eller sivilteneste. Kryss av for «Ja» dersom det er student i husstanden. Kryss vidare av for «Ja» dersom minst ein av studentane i husstanden studerer som ledd i eit offentleg program for arbeidskvalifisering, til dømes yrkesretta attføring, kvalifiseringsprogram for nye innvandrarar og personar i særskilte kvalifiseringsprogram. Kryss til slutt av for «Ja» dersom det er student i husstanden og vedkomande bur heime hos foreldra. Med student meinast person som får eller vil ha rett til ytingar frå Statens lånekaske for utdanning.

3. Inntekt

Du har plikt til straks å gje opplysningar til kommunen dersom husstanden din får inntekt frå arbeid, pensjon, kapitalinntekter eller ved auke av formue som gjer at husstanden får ei samla inntekt som overstig øvre *inntektsgrense* for å motta bustønad. For at du skal vere sikker på om dette gjeld din husstand, må du **ta kontakt med kommunen** for å få kjennskap til øvre inntektsgrense. I vedtaksmeldinga du får tilsendt, vil også informasjon om dette, og i tillegg øvre inntektsgrense for husstanden din, gå fram.

Tabellen «Anna stønad, pensjon eller inntekt» skal berre fyllast ut dersom nokon i husstanden har pensjon/stønad som ikkje blir utbetalt frå NAV, dvs. annan offentleg

pensjon i tillegg til pensjon frå EØS-land. Slike ytingar må dokumenterast. Påfør også om nokon har sosialstønad eller introduksjonsstønad/kvalifiseringsstønad utbetalt, noko som ein ikkje treng å dokumentere. Du må også fyller ut dersom nokon i husstanden har utanlandsinntekt eller utanlandsformue som ikkje blir skatta i Noreg. Det er då brutto beløp i siste tilgjengelege likningsår som skal fyllast ut. Denne inntekta må dokumenterast.

Viss husstanden har hatt ein vesentleg **inntektsnedgang** sidan sist tilgjengelike likning, kan ein søkje om å få lagt periodens (månadens) inntekt til grunn ved utrekninga av bustønaden. Svar i så fall på dei to spørsmåla om dette og fyll ut tabellen om periodens inntekt i tabellen. Det er brutto inntekt for alle husstandsmedlemmer som skal fyllast ut for den månaden bustønadsøknaden gjeld. Formue skal fyllast ut som årleg netto formue. Når du ber om å få lagt inntekta i perioden til grunn blir det nytta eit utvida inntektsomgrep der alle, også ikkje skattbare inntekter, kan bli tatt med.

Du må dokumentere inntektssituasjonen i perioden.

Mangelfulle opplysningar vil føre til at siste tilgjengelege likning vil bli nytta når bustønaden blir rekna ut. NB: Nye inntektsopplysningar må gjevast i januar kvart år. Dersom inntekta endrar seg ut over dette tidspunktet, må du gje opplysningar om dette til kommunens bustønadkontor.

4. Bustad

Det blir ikkje gitt bustønad til dei som bur i institusjon som er etablert etter lov om kommunehelsetenesta av 9.11.1992 og lov om sosial omsorg av 13.12.1991 og der det etter nærare forskrift kan krevjast vederlag for opphaldet på grunnlag av personens inntekt (sjukeheim, aldersheim o.l.). Det blir heller ikkje gitt bustønad til dei som bur i førebelse buformer som hospits, pensjonat, hotell o.a.

Kryss av for «Ja» viss husstanden har særskilt høge buutgifter som følgje av at nokon i husstanden er funksjonshemma og har behov for og bur i ein spesialtilpassa bustad. Dette må i så fall dokumenterast overfor kommunen. Kontakt kommunen for meir informasjon om dette.

Kryss av for «Ja» viss bustaden er ein godkjend heilårsbustad og ein sjølvstendig bustad med eigen inngang, bad, toalett og kjøkken- og kvilefunksjon.

Dersom du bur i leigd bustad, skal du svare på spørsmålet om du bur i ein kommunalt disponert bustad. Dette er kommunale leigebustader og leigebustader formidla av kommunen.

I bustønaden er det fem forskjellige bustadtypar:

1. Eigd bustad utan felleskostnader (einebustader)
2. Eigd bustad i sameige og med felleskostnader
3. Bustad i burettslag
4. Leigd bustad
5. Aksje- og obligasjonsleilegheiter

Kryss av for den bustadtypen du bur i, og fyll ut felta i kolonnen nedover, bortsett frå i dei skraverete felta. Feltet bustadnummer er eit unikt bustadnummer alle bustader etter kvart skal få (eller har fått), som består av ein bokstav og fire siffer. Dette feltet er ikkje obligatorisk. I feltet «Kjøpe-/byggjesum» er byggjesum meint som «prosjekt-kostnad», altså totalkostnad for oppføring av bustaden, også eventuelle tomte- og prosjekteringskostnader. Dersom du har skattefrie inntekter for utleige av bustad, skal du fylle ut denne inntekta med månadleg beløp.

5. Bustadlån

Husbanken: Fyll ut saksnummer, 9 siffer
Innovasjon Norge: Fyll ut saksnummer for bustadlån, 8 eller 10 siffer
Andre långevarar: Det er berre lån til oppføring/kjøp/ utbetring av den bustaden du søker bustønad for, som skal førast på søknaden. Ved refinansiering skal lånesummen tilsvare restgjelda ved refinansieringstidspunktet. Fyll inn dei faktiske beløpa for renter, avdrag og gebyr som blir betalt per månad.

6. Underskrift

Med underskrifta si forsikrar søkeren at opplysningane er riktige, og samtykker i at søknaden kan kontrollerast mot og supplerast med opplysningar frå NAV sine register over mottatt pensjon med utbetalt beløp, Lånekassen sine register over lån/stipend, bankinstitusjonar sine register over bustadlån, Skattedirektoratet sine register over inntekts- og formueforhold og kommunen sine utbetalingar etter lov om sosiale tenester. Søklar pliktar å melde frå til bustønadkontoret i kommunen når det skjer endringar i bustad- og husstandssituasjonen. Uriktige eller ufullstendige opplysningar kan føre til krav om tilbakebetaling av bustønaden og straffeansvar.

Alle som behandlar søknaden din har teieplikt.

Tidsplan i bustønad

TERMIN	SØKNADSRIST	UTBETALING
Månadleg	Den 14. i kvar månad	Ca. den 10. i månaden etter